



Helse- og Omsorgsdepartementet

MELDING OM VEDTAK
frå
møte i Hareid formannskap 11/8 2012

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2012/1270	8453/2012	G21	SVEL/ OG	

HØYRING - NY TURNUSTENESTE FOR LEGAR

Vedtak:

- 1. Hareid formannskap slutter seg til vurderingane i saksutgreiinga.**
- 2. Hareid kommune vil oppmode om at ein vurderer ei ordning der søkarar blir anonymisert ut mot tilsettande institusjon. Ved å halde namnet tilbake, men berre ta med dei andre opplysingane om kandidaten, kan ein motvirke tendensar til at søkarar blir usakleg vurdert ut frå namnet.**

Hareid, 14.09.2012

Rett utskrift:

Ottar Grimstad
Kommuneoverlege





SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1270	Løpenr. 7015/2012	Klassering G21/&13
Sakshandsamar:	Ottar Grimstad, Sektor for velferd	

Utvalsaksnr Utval

66/12 Levekårsutvalet

145/12 Formannskapet

Møtedato

04.09.2012

11.09.2012

HØYRING - NY TURNUSTENESTE FOR LEGAR

/ 2012/1270

Tilråding frå rådmannen:

Hareid formannskap slutter seg til vurderingane i saksutgreiinga.

Levekårsutvalet si handsaming:

Kommuneoverlege Ottar Grimstad orienterte i saka.

LKU la fram forslag til eit punkt 2 i tilråding til Hareid formannskap:

Hareid kommune vil oppmode om at ein vurderer ei ordning der søkarar blir anonymisert ut mot tilsettande institusjon. Ved å halde namnet tilbake, men berre ta med dei andre opplysingane om kandidaten, kan ein motverke tendensar til at søkjarar blir usakleg vurdert ut frå namnet.

Røysting:

Tilråding frå LKU:

- 1. Hareid formannskap slutter seg til vurderingane i saksutgreiinga.**
- 2. Hareid kommune vil oppmode om at ein vurderer ei ordning der søkarar blir anonymisert ut mot tilsettande institusjon. Ved å halde namnet tilbake, men berre ta med dei andre opplysingane om kandidaten, kan ein motvirke tendensar til at søkarar blir usakleg vurdert ut frå namnet.**



Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Formannskapet sitt vedtak:

1. Hareid formannskap slutter seg til vurderingane i saksutgreiinga.
2. Hareid kommune vil oppmode om at ein vurderer ei ordning der søkarar blir anonymisert ut mot tilsettande institusjon. Ved å halde namnet tilbake, men berre ta med dei andre opplysingane om kandidaten, kan ein motvirke tendensar til at søkarar blir usakleg vurdert ut frå namnet.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering





Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Høringsnotat	21.06.2012

Saksopplysningar:

Turnustenesta for legar i Norge er 56 år gammal, og er eit viktig tiltak for å sikre god kompetanse blant nye legar i Norge og også rekruttering av legar til utkantstrøk. Den har siste åra vore under sterkt press på grunn av stor søkning, også frå legar utan norsk bakgrunn. Dette har etter kvart medført uakseptable lange ventetider. I tillegg har det oppstått problem knytt til gjensidig godkjenningsplikt for legeautorisasjon i EØS-området, og forskjellar i utdanning og praksis i dei einkilde landa. For å løyse desse problema foreslår departementet endringar med følgjande hovudpunkt:

- Tidspunktet for autorisasjon som lege vert flytta frå etter turnustenesta til etter avslutta embetseksamen.
- For å få starte utdanning til legespesialist eller starte opp som allmennlege eller gå legevakter, må ein ha gjennomført norsk turnusteneste, eller tilsvarande utanlandsk praktisk teneste. Dette inneber at autorisasjon som lege aleine, berre kvalifiserer til eit avgrensa utval legestillingar.
- Innhaldet i turnustenesta skal vere som før, 1 år på sjukehus i avdelingar som har akutteneste, og 1/2 år i primærhelsetenesta.
- Som tilsvarande utanlandsk praktisk teneste vil ein berre godta teneste etter autorisasjon i det einkilde landet. Det betyr at mellom anna dansk og svensk turnusteneste ikkje vil bli godkjent.
- Ein vil ikkje godkjenne teneste utført i vikariat og liknande.
- No blir turnusplassane fordelt etter eit loddtrekningssystem der den som har beste nummeret får velje først. Det blir foreslått at val av turnusplassar skal skje etter søknad og tilsetting etter kvalifikasjonar. Det blir likevel foreslått ei felles søknadsordning gjennom ein webportal med faste utlysingsfristar og der perifere og forventa «mindre attraktive» turnusplassar blir lyst ut i ei pulje før dei forventa «mest attraktive» plassane.
- Ein foreslår at tilsetting skjer i blokker der helseforetak og kommunar samarbeider om eit fastsatt løp for heile turnustenesta.
- Ein vil oppretthalde retten til å pålegge kommunar å tilsette turnuslege.
- Ein vil oppretthalde eit tilskot i storleik 120 000 i halvåret til kommunar som har turnuslege.

Vurdering og konklusjon:

I utgangspunktet er dette ein naudsynt reform. Det er ikkje akseptabelt at nyutdanna legar må gå på vent i 1-2 år før dei får halde fram med vidare utdanning.



Hovedgrepet med å flytte autorisasjonen til rett etter studiet, og gjøre turnustenesta til ein obligatorisk del av spesialistutdanninga og ein føresetnad for allmennlegearbeid, er eit fornuftig og nødvendig grep.

Det er ikkje grunnleggjande godt korfor ein ikkje skal kunne akseptere teneste utført i vikariat. Slik teneste burde også kunne akseptast så sant den er utført i samsvar med dei faglege retningslinene for turnustenesta. Ein bør også gjere ei realitetsvurdering av praktisk teneste frå andre land uavhengig av kvar dette landet har plassert autorisasjonstidspunktet. Mellom anna blir det underleg om legar med svensk eller dansk turnustenesta skal måtte ta norsk turnusteneste i tillegg. Der kjem til å bli kapasitetsproblem med den nye tenesta også, og ein bør ivareta desse mulighetene for å sleppe kandidatar med nok realkompetanse inn i norsk spesialistutdanning og primærhelseteneste.

Eit søknadsbasert system byr på store utfordringar. Det vil vere lite grunnlag for å skilje kandidatane på objektive kriterier, og stor fare for at usaklege omsyn som utanlandsklingane etternamn og personleg nettverk vil kunne spele ei rolle. Ein burde arbeidd meir for å halde på eit trekningsbasert system. Det vil ikkje vere mogleg for ei vanleg norsk kommune å kunne handtere forsvarleg desse søknadsprosessane. Det må vere ein føresetnad at ein har eit blokkssystem der helseforetaka tar den største oppgåva med tilsettingsprosessane.

For utkantkommunar er det viktig at ein held på element som at utlysinga skjer i to puljar og at dei som takker ja til ei tilsetning i første pulje ikkje har rett til å søke i den andre.

Retten for staten til å pålegge kommunar å ta imot turnuslege har vore der i det gamle opplegget også, men heldigvis lite brukt. Eventuelle pålegg må vere følgt av full kostnadsdekning. Dette må også gjelde investeringar. Mange kommunar har ikkje fysisk mulighet til å skaffe kontor til turnuslege utan utviding av lokalar.

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Hareid, 12.07.2012

Bent Arild Grytten
rådmann

Ottar Grimstad



Kommuneoverlege

